

Slottereng – Skjellerudsveen (gnr. 72)

Slottereng: Eigenamn, særnamn, som sikkert kjem av samnamna slåtter og eng. Namnet har visstnok berre vore brukt i skrift. I talemålet var namnet på bruket Skjellerudsvea, dativ Skjellerudsveen

I eit tinglyst skjøte av 20. mars 1731 gav enka etter major Ambrosius Leffelmann, fru Catharina Stochflet, skjøte til Siver Skjellerud på ”en Slet Eng Ødegaard” av skyld 1 skinn, som det er opplyst før hadde hørt under Breiset. Denne ”Slet Eng Ødegaard” kom så til å ligge under Skjellerud i ei årrekke. I 1748 gav såleis Siver Nielsen Skjellerud og barn skjøte til Ole Olsen Skjellerud på ”Sleteng Ødegaard skyldende 1 skind”. Seks år seinare fekk i 1754 Ole Olsen Skjellerud bygselseddel av fogd Pram på ”De Fjeldsletter som under hans Gaard har været bevilget, nemlig paa en Rødning ved Langsæt Sætter for 5 las Hø”. Etter atter 14 år er slåttene under Skjellerud ein stad kalla Nysveen og Skjellerudstylen.

I 1768 er elles dei to ”engeland” under Skjellerud, ”Nyesveen og Skiellerud stylen”, kalla plasser, som tyder på at dei da var bygde og busette. Og ganske riktig: I 1774 finn ein så plassen Skjellerudsveen eller Slottereng omtala. Plassen var da bygd og busett, og husbondsfolka der heitte Johan og Berte. Kyrkjebøkene fortel så at i tida frå 1774 til 1783 fekk Johan og Berte Skjellerudsveen 3 born. Det var dei 3 sønene: Ole f. 1774, Peder f. 1779 og Even f. 1732. – men i 1790 budde det ein annan familie i Skjellerudsveen, nemleg Peder Pedersen og Kari, som da fekk sonen Christen. Men sju år seinare var det og eit tredje ektepar, Amund og Anne, som hadde fått barn i Skjellerudsveen. Oppsittarane der skifta i denne tid ofte, anten grunnen var den at det enda var dårleg med hus der, eller det var andre ting som vanta. I 1805 var det Ole og Anne som hadde dåpsbarn i Skjellerudsveen, og barnet, som var ei jente, fekk namnet Marit. Ein legg elles merke til at i kyrkjebøkene er gardnamnet så å seia alltid skrive: ”Skjellerudsveen uten tilhenget ”eller Slottereng”, som ein så ofte finn i tingbøkene.

Av eit opplysende matrikkelframlegg for Fåberg av 1819 går det tydeleg fram at Skjellerudsvea da var vorte delt i fleire bruk. På det eine bruket var i den tid buskapen av store husdyr 1 hest og 6 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde ca. 10 tønner; på det andre bruket var dei tilsvarande tal: 3 kyr og 5 tønner korn, dessutan er det opplyst at eit tredje bruk var eit slåtteland på 18 mælingar, 72 mål, så det vart sikkert hausta mye høy berre på det bruket.

Den 23. --- 1829 var det avsluttande arveskifte på ”Skjellerudsveen eller Slaatereng i Lillehammer, Faaberg”. – Den døde der var husmora Ingeborg Christiansdtr., og det er vidare fortalt at ”Boets Jordegods gaardepladsen Skjelrudsveen” vart taksert for 200 rd., og at boet utgjorde brutto 251 rd. og netto 91 rd. arvingane ved skiftet var, forutan enkemannen Christen Johnsen, dei sju borna, som alle var søner. Dei var: Ole, som da var 16 år, Christian, 14 år, Johan 11 ½ år, Peder, 8 år, Even, 6 år, Lars, 3 år, og Andreas, som var 4 veke.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var det fire løpenr. under Skjellerudsveen: Det var: Løpenr. 204a Skjellerudsveen eller Slottereng av ny skyld 4 ort 23 skilling, som Hans Olsen da var eigar eller brukar av, 204b ditto av skyld, 4 ort 23 skilling, som Christen Johannessen var eigar ell. brukar av, 205 Slottereng søndre eller Indhegningen, skyld 2 ort 21 skilling, som Christen Johannessen og åtte, og vidare løpenr. 206 Skjellerudsveen av ny skyld 2 ort 21 skill., som Peder Nyhuus og Ole Sæter av eiar og brukar av.

Den 19. mars var det ei større skyldsetningsforretning i Skjellerudsveen eller Slottereng søndre over engeland, havnehage og skogstykker. Etter denne og båe parters godkjenning åtte da Hans Olsen av Skjellerudsveen løpenr. 204 a og b i alt 1 skylddalar 1 ort 4 skill., og Christen Johannessen åtte 3 ort 18 skilling i løpenr. 205. Samtidig gav Christen Johannessen skjøte til sønene Christian og Johan på løpenr. 205 med ein del lausøyre for kjøpesum 200 spd. + føderåd verdsett til 100 spd.

Peder Nyhuus og Ole Sæter som hadde Skjellerudsveen løpenr. 206 i 1838, brukte denne garden til i 1851. Da gav Ole Olsen d. e. skjøte til son sin Ole Olsen d. y. på hans andel i Skjellerudsveen og garden nordre Sæter for tilsm. 500 spd. + føderåd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. – Der er det om Skjellerudsveen opplyst at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i Skjellerudsveen søre i den tid var ca. 60 mål, og av dette var 13 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at i Skjellerudsveen nordre, som Hans Skjellerudsveen da var eigar og brukar av, var dei tilsvarande areal 71 mål og 14 mål. Husdyrhaldet var da: 1 hest, 6 storfe, 12 småfe, og husdyrhaldet i søre Skjellerudsveen var 2 hestar, 8 storfe og 21 småfe. Elleve år seinare gav i 1876 enka etter Hans Olsen Skjellerudsveen, Lena Andersdtr., skjøte til Torger Halvorsen Midtjørstad på Skjellerudsveen løpenr. 204a for kjøpesum 575 spd. + føderåd av årleg verdi 40 spd. – Kjøparen hadde garden til i 1878; da selde han Skjellerudsveen søre vidare til Even Eriksen for kr. 2400,- + overtaing av det eldre føderåd av 1876. Ein merker seg elles at vi her er i den tid da den norske pengeeininga skifta over fra spesidaler til kroner.

Ti år seinare, altså i 1886, kom den nye, norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Skjellerudsveen i Fåberg fekk da gardsnr. 72 av samla skyld 4,29 mark, og det var da 4 bruksnr. under gardsnr. 72 Skjellerudsveen. det var: Grn. 72, brn. 1 Skjellerudsveen nordre av skyld 1,85 mark, som Even Eriksen framleis var eigar ell. brukar av, brn. 2 Skjellerudsveen søndre, skyld 0,81 mark, brn. 3 også Skjellerudsveen søndre, båe brn. tilhørde Kristian og Johan Kristensøner, brn. 4 Skjellerudsveen av skyld av skyld 0,68 mark, som Ole Olsen Sæter også framleis brukte.

Even Eriksen brukte Skjellerudsveen brn. 1 til i 1911. Da skjøta han garden til Even Evensen for kjøpesum kr. 1420,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 600,- . Skjellerudsveen søre, brn. 2 og 3 vart i 1893 selt av Johan og Kristian Kristensøner til Kristen Johansen Skjellerudsveen for kr. 2000,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 400,-.

Gr.nr. 72, brn. 4 Skjellerudsveen var i 1836 vorte selt av Anders Larsen til Peder Olsen Nyhuus og Ole Olsen under namnet Breisetersveen Engeland. I 1851 skjøta så Ole Olsen dette bruket til sonen Ole Olsen d. y. Men i 1889 var Ole Olsen d. y. også død, og enka etter han, Kristiane Jensdtr., skjøta så bruket vidare til sonen Thomas Olsen Sæther for kjøpesum kr. 1200,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 500,-.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at Kristen Johansen åleine var vorte eigar og brukar av Skjellerudsveen brn. 2 og 3. Same året er det elles opplyst at det ved kommunevalet i 1904 budde 5 menneske med røysterett i Skjellerudsveen. Det var: 1. Kristen Johansen Skjellerudsveeen, gardbrukar, 52 år, 2. Karine Martinusdtr., husmor, 53 år, 3. Ivar Kristensen, gardbrukar, 25 år, 4. Even Eriksen, gardbr., 63 år, 5. Even Evensen, skomaker, 28 år.

Av handlar med Skjellerudsveen i seinare tid tek vi elles med at i 1915 kjøpte Thorvald H. Ellingsrud grn. 72, brn. 5 Sønsteli av skyld 0,05 mark, og Olaf Hammer kjøpte i 1918 brn. 6 Sørteigen.

Ved jordbruksregisteringa i 1939 var det 2 bruk under gardsnr. 72 Skjellerudsveen, som kvar for seg hadde eit jordbruksareal av åker, eng og hage på tilsm. meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 72, brn. 1 Skjellerudsveen med eit jordbruksareal på ca. 55 mål, som Even Skjellerudsveen var eigar og brukar av, b. Grn. 72, brn. 2, 3, (14)?, areal ca. 120 mål, eigar og brukar: Kåre Linberg.